

ID 165.24
AMH/thm

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET / REPRESENTANTSKAPET

Fredag 23. februar kl. 0915, med oppmøte hjå Lærøy Austevoll AS (laksepakkeriet),
Bjånesøyvegen 13, 5392. (Ferja frå Sandvikvåg kl. 08.30)

Tidsplan:

Kl. 09.15	Bedriftsbesøk hjå Lerøy Austevoll AS v/ Ivar Helge Melingen, dagleg leiar
Kl. 10.00	Avreise til Stangeland Gård AS, Stolmasundet 7, 5398 Stolmen.
Kl. 10.30	Orienteringar: <ul style="list-style-type: none">• ViIvite v/ Lars Leegaard Marøy, adm.dir (20 min)• «Heilskapleg kunnskapsgrunnlag for reinare og rikare Hardangerelver og Hardangerfjord» v/ Svein Roger Selle, prosjektsekretær og Mari Myksvoll, Havforskningsinstituttet (30 min)
Kl. 11.20	Lunsj
Kl. 12.00	Sakshandsaming
Kl. 13.45	Møteslutt. (Ferja frå Husavik kl14.20.)

Sakliste:

Sak 01/24	Godkjenning referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 7. desember 2023
Sak 02/24	Godkjenning av Handlingsplan 2024
Sak 03/24	Godkjenning av Visit Sunnhordland sin Strategiplan 2024 - 27
Sak 04/24	Godkjenning av Visit Sunnhordland sin Handlingsplan 2024
Sak 05/24	Val av revisor for Sunnhordlandsrådet IPR
Sak 06/24	Bu i Sunnhordland – val av medlem styringsgruppa
Sak 07/24	Ressursgruppa for NTP
Sak 08/24	Studietur mai 2024
Sak 09/24	Arendalsuka 2024
Sak 10/24	Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none">a) Møte med kommunal- og distriktsministerenb) Industrisafari Haugalandet 20.-21. mars
Sak 11/24	Ymse

Sunnhordland, 20. februar 2024

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 02/24
AMH/thm

Godkjenning av Handlingsplan 2024

Sjå vedlagt Handlingsplan 2024 for Sunnhordlandsrådet. I førre rådsmøte den 7. desember 2023, blei handlingsplanen sakshandsama fram til punkt 4.2.

Handlingsplanen er det verktøyet administrasjonen har å styre etter. Me bed om at de les ekstra godt gjennom den siste delen frå punkt 4.2 og ut. Handlingsplanen vil og få grafisk ny utforming etter kvart, lik handlingsplanen for Visit Sunnhordland.

Framlegg til vedtak:

Handlingsplan 2024 blir godkjent slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 03/24
AMH/thm

Godkjenning av Visit Sunnhordland sin Strategiplan 2024 - 2027

Sjå vedlagt Strategiplan 2024 – 2027 for Visit Sunnhordland.

I løpet av 2023 blei Visit Sunnhordland sin strategiplan revidert. Prosessen blei leia av Ola Roness, og blei utført i tett samarbeid med Visit Sunnhordland si styringsgruppe i ein open prosess, der kommunar og reiselivsnæringa har vore involvert. I den reviderte strategiplanen er Berekraftig reisemål sertifiseringa blant anna implementert.

Framlegg til vedtak:

Visit Sunnhordland sin Strategiplan 2024 – 2027 blir godkjent slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 04/24
AMH/thm

Godkjenning av Visit Sunnhordland sin Handlingsplan 2024

Sjå vedlagt Handlingsplan 2024 for Visit Sunnhordland.

Framlegg til vedtak:

Visit Sunnhordland sin Handlingsplan 2024 blir godkjent slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 05/24
AMH/thm

Val av revisor for Sunnhordlandsrådet IPR

RSM Norge AS har vore revisor for Region Sunnhordland IKS sidan 2006. Det har vore eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom Region Sunnhordland IKS og revisor. Revisortenesta vart sendt ut på anbod hausten 2020. RSM Norge AS leverte det beste tilbodet, og fortsette som revisor for Region Sunnhordland IKS.

Regionrådet (den politiske møteplassen) er no skild ut i eit eige selskap. Som eige rettssubjekt må det og veljast revisor for Sunnhordlandsrådet IPR. Det vil være naturleg å nytte same revisorselskap for Sunnhordlandsrådet IPR som for Region Sunnhordland IKS.

Framlegg til vedtak:

RSM Norge AS blir vald som revisor for Sunnhordlandsrådet IPR.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 06/24
AMH/thm

Bu i Sunnhordland – val av medlem styringsgruppa

Kommunane i Sunnhordland er representert med eit medlem, i styringsgruppa til Bu i Sunnhordland. Ein rullera anna kvart år. Styringsgruppa møter to gonger i året.

I tillegg til dei to møta med styringsgruppa, så kjem prosjektleiar for Bu i Sunnhordland til å samla alle kommunane sine representantar til møte ein gong i året, samt at det blir partnarmøte to gonger i året. Det vil sei totalt fem møter i året for dei som sit i styringsgruppa.

Det er komme inn forslag på Bømlo kommune sin Bu i Sunnhordland representant: Vanja Espeland.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande medlem til Bu i Sunnhordland si styringsgruppa:

1. Vanja Espeland, Bømlo kommune

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 07/24
AMH/thm

Ressursgruppa for NTP

Haugalandrådet har etablert ei ressursgruppa innan samferdsel, som skal jobba aktivt for å fremja regionen sine interesser inn i arbeidet med NTP 2025-2036. Følgjande personar blei valt inn i Haugalandrådet si ressursgruppa for samferdsel og NTP: Ole Johan Vierdal, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, André Mundal Haukås, Marte Eide Klovning. Ole Johan Vierdal blei valt som leiar. Haugaland Vekst fungerer som sekretariat.

Arbeidsutvalet legg fram forslag for Sunnhordlandsrådet om å etablere tilsvarande arbeidsgruppe.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet etablerer ei ressursgruppa innan samferdsel som skal jobba aktivt for å fremja regionen sine interesser inn i arbeidet med NTP 2025-2036. Sunnhordlandsrådet vel følgjande representantar til å sitte i arbeidsgruppa for NTP:

1., leiar av ressursgruppa
2.
3.
4.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 08/24
AMH/thm

Studietur mai 2024

Sunnhordlandsrådet har tradisjon for reise på studietur ein gong per valperiode. Førre regionråd hadde eit ynskje om at studieturen blei lagt til fyrste år i valperioden, for å bygge laget i tillegg til kompetanseheving.

Tentativ dato for studieturen er sett til 21-23. mai 2024. Det er komme inn tre ulike forslag til studietur:

Helsingborg

Helsingborg er godt i gong med fase to i eit utvikling- og innovasjonsprosjekt, for å rigge seg for dei endringane som offentleg sektor må løyse innan helse- og omsorgssektoren, grunna eldrebølga og manglande tilgang på arbeidskraft. Dei har etablert eit innovasjonssenter, som samarbeider med akademia, næringslivet og offentleg sektor. Senteret er leia av Lisa Olsson, som uttaler følgjande:

"Dei aukande forventningane som blir lagt på oss som ein by og dei komplekse samfunnsutfordringane vi står overfor, som tryggleik, sysselsetting, klima og helsestell, kan ikkje løysast berre ved å utvikle og optimalisere det vi allereie gjer i dag. Vi treng også å forvandle oss og bruke innovasjon som eit middel for å finne grunnleggjande ulike arbeidsmetodar og løysingar slik at folk kan levere same og betre kvalitet i framtida"

Sunnhordland opplever allereie liknande utfordringar, og det hadde vore lærerikt å fått ei orientering om kva tiltak dei har iverksett og kva erfaringar dei har gjort seg i Helsingborg.

Brussel

Austevoll kommune er medlem i Vest-Norges Brusselkontor (VNB), som er eit av seks norske regionkontor i Brussel. VNB har sida det blei oppretta i 2003, fungert som eit bindeledd mellom regionale aktørar i Vest-Norge og EU. VNB sitt føremål er å fremma medlemmane sine felles samfunnsinteresser, som FoU, næring, kultur og andre offentlege interesser, samt synleggjere vest-norske aktørar som interessante samarbeidspartnarar for andre regionar i Europa. I tillegg formidlar dei informasjon om politikktutvikling i EU som er av spesifikk relevans for vår region.

Det hadde vore interessant å lære meir om korleis EU sin politikk påverkar kommune Norge sitt arbeid, og korleis me som region kan være med å påverke EU.

Parco delle Colline Metallifere

UNESCO Geopark Sunnhordland har eit tett samarbeid med den italienske geoparken Colline Metallifere. Den består av dei sju kommunane nord i Provinsen Grosseto: Follonica, Gavorrano, Massa Marittima, Montieri, Monterotondo Marittimo, Roccastrada og Scarlino.

Den italienske geoparken er komme langt i si utvikling av aktivitetar og innhald. Det hadde vore lærerikt for Sunnhordlandsrådet og sett korleis dei arbeider saman med kommunane for å auke verdiskapinga i regionen. I Norge er reiselivet den femte største eksportnæringa og er eit av satsingsområda til regjeringa.

Saka blir lagt fram for drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 09/24
AMH/thm

Arendalsuka 2024

Tre år på rad har Sunnhordlandsrådet deltatt under Arendalsuka saman med Haugaland Vekst. Fokuset på arrangementa våre har vore havvind og grøn næringsutvikling. Arrangementa har vore gjennomført litt ulikt frå år til år, men tilbakemeldingane har vore svært gode på samtlege.

I år er me invitert saman med Haugaland Vekst, til å ha arrangement om bord på M/S Sandnes. Det er Bergen Næringsråd som leiger båten og tar ansvar for alt det praktiske inkl. marknadsføring. Marknadsføringa blir ført i pennen av Apriil, som har lang erfaring med den type arbeid.

Det vil koste kr 150 000,- pr. partneravtale, som inkluderer to slåttar på den store scenen og to slåttar på den mindre scenen. Me står fritt til å nytte alle slåttane sjølv, eller selje nokon av dei vidare. Administrasjonen foreslår å behalde eine slåttan på den store scenen (á kr 50 000,-) og selje dei andre vidare. Tidlegare år har me leigd plass på Arendalsuka sin hovudscene for kr.50 000,-. Dermed kjem me kostnadmessig likt ut som tidlegare år.

Den andre fordelan med partneravtalen er at me får tilgang på lugarar for kr 1 600,- pr pers. Rimelegare enn det finn du ikkje midt i Pollen under Arendalsuka.

Saka blir lagt fram for drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 23. februar 2024 kl. 10.30
Stangeland Gård, Stolmasundet 7, Austevoll

Sak 10/24
AMH/thm

Skriv og meldingar

a) Møte med kommunal- og distriktsministeren

Under Statsforvaltaren si samling i Flåm november 2023, uttrykte kommunal- og distriktsministeren eit ynskje om å komme til Sunnhordland på dagsbesøk, framfor å møte oss i Oslo. Etter avtale med hans politiske rådgjevar, er dei blitt følgt opp pr. e-post. Dei er blir purra både pr e-post og telefon. Me venter framleis på respons. Målet er å få til eit møte i løpet av våren.

b) Industrisafari Haugalandet 20-21. mars

Haugland Vekst inviterer Sunnhordlandsrådet til å delta på industrisafari i mars, kor ein besøker ni bedrifter i løpet av to dagar. Sjå eigen invitasjon mottatt pr. e-post. Pris for deltakar blir ca. kr 3500,- pr. person. Arbeidsutvalet har drøfta om Sunnhordlandsrådet skal arrangere tilsvarande til hausten, og ynskjer at det blir drøfta i regionrådsmøte den 23. februar.